



Arkivnr: 2014/11877-57

Saksbehandlar: Kristoffer Gilhus

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2018
Fylkestinget		02.10.2018

Skakke - avtale om sal av eigarseksjon

Samandrag

Etne vidaregåande skule, som hadde tilhald i Skakkесenteret i Etne sentrum, blei avvikla frå skuleslutt 2017, og lokala er ikkje i bruk av Hordaland fylkeskommune.

Budsjett for 2018 blei handsama i Fylkestinget den 12. desember 2017, og det blei der vedtatt at fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle avtale med Etne kommune om at fylkeskommunen sin eigardel vert overført til kommunen på nærare vilkår fastsett i investeringsbudsjettet for 2018.

Dei føringane som er lagt i budsjettet er teke inn i vedlagt er avtale om kjøp av eigarseksjonen.

Økonomi: Fylkeskommunen vil få salsinntekter samt at Etne kommune overtar ansvaret fram i tid for ein seksjon som i hovudsak står tom. Fram i tid vil ein difor spare driftskostnader.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at eigardel i Skakkесenteret blir selt til Etne kommune etter vilkåra i vedlagt avtale.
2. Fylkeskommunen gjev fylkesrådmannen fullmakt til å godkjenne mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i avtalen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.08.2018

Fylkestinget godkjente i Fylkestinget i juni 2009 kjøp av ein seksjon i prosjektet Skakke – senter for skule, idrett og kultur (Skakkesenteret) i Etne kommune til bruk for Etne vidaregåande skule på vilkår av at Etne kommune gjekk inn på ein gjenkjøpsavtale. I desember 2009 godkjente Fylkestinget gjenkjøpsavtalen, som gjorde at kommunen hadde plikt til gjenkjøp av seksjonen til kr 21 mill. 10 år etter oppstart av skulen, dvs. ved årsskiftet 2021/22.

I samband med skulebruksplanen vedtok Fylkestinget å avvikle drifta ved Etne vidaregåande skule, og med bakgrunn i dette var det drøftingar med Etne kommune, som munna ut i eit budsjettvedtak i Fylkestinget desember 2018. Det blei der vedtatt at gjenkjøpsavtalen blir avvikla under føresetnad av at Etne kommune og fylkeskommunen blir einige om ein ny avtale, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle med Etne kommune om at fylkeskommunen sin eigardel vert overført til kommunen på nærare vilkår fastsett i investeringsbudsjettet for 2018.

Konkret medfører dette at fylkeskommunen sin eigardel i Skakkesenteret vert overført til Etne kommune frå 2018 på vilkår av at Etne kommune overtek alle fylkeskommunen sine plikter frå same tidspunkt. Inkludert i dette er og eventuelle bidrag til drifta av Skakkesenteret og idrettshallen.

Dei totale kostnadane for fylkeskommunen fram til gjenkjøp av eigarseksjon ved årsskiftet 2021/22 og opphøyr av siste leigeavtale i 2022 er rekna til om lag kr 4,9 mill. Driftskostnadene fylkeskommunen vil få i perioden er rekna til om lag kr 2.25 mill. og er trekte frå. Kjøpesummen Etne skal betale etter ny avtale om kjøp er etter dette kr 2,65 mill. Kjøpesummen er lågare enn det ein truleg ville oppnådd ved eit fritt sal. Ein låg kjøpesum vil medføre at fylkeskommunen i rekneskapen må kostnadsføre gavedelen som ein kostnad i drifta, mot ei tilsvarande meirinntekt i investeringsrekneskapen. Dette er tatt høgde for med eit hefte knytt til eventuell framtidig salsinntekt.

Overtaking av seksjonen skjer 31. desember 2018.

Føringane som er lagt i budsjettet er teke inn i vedlagt er avtale om kjøp av eigarseksjonen.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte avtaleforslag om sal av fylkeskommunen sin eigardel i Skakkesenteret blir godkjent. Avtalen er ikkje ferdig handsama hos Etne kommune, og difor rår ein til at fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne mindre endringar av ikkje prinsipiell karakter i avtalen.